

Til alle avgangselevar frå ungdomsskolane i Møre og Romsdal  
Til alle søkjarar til Vg1 vidaregåande skole

## PC-ordning skoleåret 2011/2012 for elevar i vidaregåande skole

Elevane på dei vidaregåande skolane (fylkeskommunale) er **pålagt** å ha berbar PC til bruk i undervisninga.

Elevane som startar på første året (vg1) har ei **valfri** ordning for å skaffe seg PC:

1. Ein berbar PC som vert utlevert til eleven ved skolestart\*
2. Eit eingongstilskott til kjøp eller bruk av eigen PC\*

\*Ordninga gjeld berre elevar på Vg1-trinnet ved Møre og Romsdal fylkeskommune sine vidaregåande skolar. Ordninga gjeld ikkje for elevar som har fått PC eller tilskott frå fylket tidlegare.

### 1. PC frå fylkeskommunen

PC-en som eleven får utlevert på skolen ved skolestart er ein Lenovo ThinkPad Edge 13,3".

	Skjerm	13.3" HD Anti-Glare (1366 x 768 )
	CPU	Intel 2 <sup>nd</sup> Gen Core i3-2310M ( 3M Cache, 2.10 GHz )
	Vekt	1.74kg
	Størrelse	322 x 224(+4) x 26.7~30.9mm
	Grafikk	Intel HD Graphics
	OS	Win 7: Home Pro64
	Minne	2GB DDR3 (2 DIMM slot)
	I/O	VGA, HDMI, 3 USB (inkl 1 eSata/USB combo og 1 powered USB), RJ45, 4-i-1 mediakortleser
	Kommunikasjon	Gigabit Ethernet, Bluetooth 3.0, ThinkPad abgn WLAN
	Styreenhet ( mus )	Trackpoint og Clickpad
	Harddisk	320GB 5400rpm harddisk
	Audio	Stereo høyalere, digital mic, combo mic/hodetelefon
	Kamera	Low Light Sensitive HD Webcam
	Batteri	6 celler Li-Ion (inntil 6,4 timer )
Farge	Rød ( heatwave red )	

For meir informasjon om PC'en, sjå [www.adcom.no](http://www.adcom.no)

**Elevane får ei service- og forsikringsordning med på kjøpet som gjer at eleven er garantert fri service og forsikring. Ordninga dekkjer ikkje tap/tjuveri.**

For PC-en vil du som elev få ei rekning på ein årleg eigenandel frå fylkeskommunen. For skoleåret 2010/2011 er eigenandel på kr. 890.( jf. § 19-6 i forskrifta til opplæringslova om fylkeskommunen sitt ansvar for utgifter til læremiddel og utstyr).

Eleven får eit utstyrsstipend frå Statens lånekasse for å halde seg med utstyr( sjå [www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no)). For skoleåret 2011/2012 er minimumsstipendet på kr. 890. **Dette må du søke lånekassa om.**

Du får ein PC frå fylkeskommunen som du må betale kr 890,- per år for.  
Søk Lånekassa om utstyrsstipend på kr. 890,-

Etter tre år får du PC-en. Dersom du sluttar som elev tidlegare kan du overta den med eit mellomlegg svarande til dei gjenstående innbetalingane.

Vi viser elles til nettsida **ungweb.no** for ein nærare presentasjon av PC-en og PC-ordninga.

**Dersom du vil at fylket held deg med PC som du får utlevert ved skolestart må du registrere deg på [ungweb.no](http://ungweb.no). Registreringa vert halde open til og med måndag 25.juli.** Det er difor viktig at du registrerar deg snarast dersom du vil ha PC frå fylket.

## **2. Eingongstilskott frå fylkeskommunen til kjøp/bruk eigen PC.**

Dersom du held deg med PC sjølv får du eit eingongstilskott frå fylkeskommunen. Dette tilskottet er kr. 2 500 og vil bli utbetalt i oktober. **Du treng ikkje søkje om å få utbetalt dette tilskottet frå fylkeskommunen.**

Det blir ikkje kravd eigendelar for bruk av eigen PC på skolen.

Som elev får du og eit utstyrsstipend frå Statens lånekasse for å halde seg med utstyr, sjå [www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no), for skoleåret 2011/2012 er minimumsstipendet på kr. 890. **Dette må du søke lånekassa om.**

Dersom du held deg med PC sjølv kan du **få råd frå skolen om minimumskrav til PC'en.**

Når det gjeld PC-ordninga rår vi deg til å følgje med på **ungweb.no** og skolen sin heimeside for å halde deg informert.

Velkomen som elev til fylkeskommunen sine vidaregåande skolar.

Helsing

Per Hoem  
Fylkesutdanningssjef